



Invitasjon til Vårtreff i regi av Bjørgvin kirkesangforbund!

Lørdag 6. juni inviterer Bjørgvin kirkesangforbund til Vårtreff i den nye flotte Knarvik kyrkje! Me er takksam for at Alversund kammerkor, med sin dirigent Odd Leif Mjøs har sagt ja til å vere vertskor denne dagen!
Odd Leif skal også vere dirigent for fellesnummera.



Program for dagen:

Kl. 12.30	Registrering
Kl. 13.00	Felleskorøving
Kl. 14.30	Pause
Kl. 14.45	Tid til øving for dei kora som har særnummer
Kl. 16.00	Matøkt (baguett+kaffi/te+frukt)
kl. 17.00	Konsert

Fellesnummer:

Knut Nystedt: **Han er opstanden**
 I will praise thee, o Lord

John Rutter: **Look at the world**

Trond Kverno: **Dette er ikkje bestemt enno, men vil bli sendt ut rett over påske!**

NB! Når det gjeld fellesnummer, er det heilt opp til kvart enkelt kor, om ein ynskjer å vere med på alle songane, eller berre ein, to, tre eller fire. Meld tilbake om kva fellesnummer de ynskjer å vere med på!

- **Det er svært kjekt om kvart kor framfører eige repertoar!**

Send inn i prioritert rekkjefølge, kva korsongar de ynskjer å synge!

Fint om de også kan legge ved, kor mange minuttar det vil ta å framføre desse.

Håpar også på forståing, at me har høve til å kutte i innsendt repertoar, dersom det viser seg at konserten kjem til å bli veldig lang. Difor ynskjeleg med prioritert rekkjefølgje!!

NB!

Det nye orgelet kjem ikkje på plass før i oktober, men Knarvik kyrkje har eit flott flygel!

- Send påmelding til: gro.anthun@fordekyrkje.no innan 30. april.

Deltakaravgift på kr. 100,- kan betalast ved oppmøte!

Send info om:

- Namn på kor og dirigent og antal koristar.
- Repertoar
- Fellesnummer
- Kor mange som ynskjer baguett?

Ta gjerne kontakt, dersom de har spørsmål!

Så vil eg få ynskje alle ei riktig God påsketid!

*«Sangen toner, vår forsoner, vår forsoner til evig pris;
han ville bløde for oss å møte, for oss å møte i paradys.
Sangen toner, vår forsoner, vår forsoner til evig pris.»*

Mvh

Gro Anthun, leiar i Bjørgvin kirkesangforbund

Mobil: 95868160

